


MEDEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN  
NR. 1, 2010



# Kringom



# Flott at Stenvold får bruka dialekt

**Det nye året i NRK-Dagsrevyen starta med at Ingerid Stenvold tok til i den nye rolla si som dialekt-talande nyhendeanker.**

MARTIN TOFT  
leiar i Kringkastingsringen

Ho hadde fått dispensasjon frå kravet om at programleiarane i Noregs viktigaste nyhendesending skulle bruka anten normalisert nynorsk eller bokmål.

Ifylgje dei største skeptikarane, den pensjonerte språkprofessoren Finn Erik Vinje og språkråddirektør Sylfest Lomheim, ville dette bli ein katastrofe på linje med klimaendringane. Ingerid Stenvold har snudd ryggen til skeptikarane og vore mest opptatt av å gjera ein best mogleg jobb. Det har ho klart til fulle.

Stenvold har ein flott dialekt, og kommuniserer godt og tydeleg. Akkurat som ho gjorde det då ho var programleiar for NRK-Sporten, for Sommeråpent og for Lydverket. Det var også grunnen til at Kringkastingsringen gav henne Kringkastingsprisen i 2007.

Ho er ein framifrå representant for ein dialekt, som også er ein minoritetsdialekt i sin lands-

del, nemleg Målselv-dialekten.

Hovudregelen må vera at NRK-tilsette skal nytta anten nynorsk eller bokmål i nyhendesendingar. Det var likevel rett å gjera eit unntak for Ingerid Stenvold, for ho har brukt dialekten sin gjennom heile karrieren som NRK-journalist. Målselv-dialekten har rett og slett vorte eit «varemerke» for henne. Slike dispensasjonar bør likevel vera unntaket og ikkje regelen. Dette eine tilfellet bør ikkje føra til ein lang kø av folk som vil bruka dialekten sin som programleiar i nyhendesendingane. Det er viktig at nynorsken òg finst som eit talespråk, og nyhenda har vore eit viktig rom for nynorsk tale.

For bokmålet sin del er det viktig at det ikkje berre blir identifisert med den varianten som blir brukt i dei vestlege bydelane i Oslo, i Fjellsiden i Bergen og i Øvre Singsaker i Trondheim. Også dei litt meir radikale formene som blir brukte av andre bokmålsbrukarar, må få sin rette plass i nyhendesendingane til NRK. Dei som seier jenta, må ikkje tvingast til å seia jenten, dei som seier jorda, må ikkje tvingast til å seia jorden, og heller ikkje



dei som seier avisa, må tvingast til å seia avisen.

Språkvariasjonar finst inn- anfor både bokmål og nynorsk. Det må Dagsrevyen og dei andre nyhendesendingane til NRK tydeleg visa.

**Kringom nr. 1/2010**  
mars 2010

Kringkastingsringen  
Postboks 9161 Grønland  
0134 Oslo  
Telefon: 23 00 29 50  
post@kringkastingsringen.no

**Nettstad:**  
[www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no)

**Redaktør:**  
Eirik Wixøe Svla

**Form:**  
Eirik Wixøe Svla

**Framsidedeilete:**  
Eksterior av Sametinget. Biletet er teke av John-Marcus Kuhmunen

**Trykkeri:**  
Oslo Aksidenstrykkeri

Takk til alle bidragsytarar.

# Jamstelling i media òg?

**I år er det 125 år sidan Stortinget fatta det såkalla jamstellingsvedtaket. Det er det grunn til å feira. Men det held ikkje å skoda attende på gamle singlar.**

**BERIT REKVE**  
leiar i Mediemållaget

Vedtaket var retta til den norske regjeringa: «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» Dette er vedtaket førde til at landsmål, det seinare nynorsk, vart eit offisielt skriftspråk i Noreg.

Sidan har vi fått lovar om opplæring, målbruk i offentleg teneste, nynorskkrav til NRK og støtteordningar som skal fremja nynorsken. Utan desse hadde truleg stoda vore mykje dårlegare. Dette er sjølvsagt enkelt når det kjem til sektorar som politikken kan lovregulera, men for presse og næringsliv er det ikkje på same viset.

## **Mediestøtte med bidrag til nynorsk jamstelling?**

I 41 år har vi hatt pressestøtteordninga. No er denne i støypeskeia

og eit utval, Mediestøtteutvalget, skal vurdera framtida for ordninga innan 1. januar 2011. Er det mogleg at delar av ei slik støtteordning kan gå til å fremja nynorsk mediespråk, til dømes i lag med Vinjefondet? Dette er eit ordskifte vi bør følgja nøye og delta i frametter.

## **Norsk danning: to målformer = «meirspråkleg»**

Kvifor ser mange den norske språkstoda med to jamstelte former som ei bør? I mange redaksjonar meiner ein til og med at det rotar til for lesaren, lagar uklår profil og liknande. Medan i mange aviser er det heilt sjølvsagt å redigera på begge målformer.

Etter mi meining er dei to språkkulturane ein rikdom. Dei skapar spenning og merksemd om norsk språkbruk og om mangfaldet i språket. Ved å ha god dugleik i både nynorsk og bokmål vert eg «meirspråkleg». Dette burde vera den positive innfallsvinkelen for både lærarar og dei som har skrivning på norsk som levebrød. Eg ser dessutan på det å meistra begge som ein del av den språkleg-kulturelle danninga. Utan opplæring og



utan å møta begge målformene i alle slags samanhengar og sjangar vert den norske danninga veikare.

## **På vegen til 2013**

I nynorskårsrøsla er vi mange som alt har byrja å sjå framover mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013. Kva passar vel då betre enn å løfta jamstellinga som tema no, langs vegen mot den store markeringa? Vi i Mediemållaget har nett starta planlegginga av Dei nynorske mediedagane 2010. Vi vonar ei utvida forståing av jamstelling og det språklege dannelsingsprosjektet appellerer til samarbeidspartnarar og deltakarar og bidreg til endå meir nynorsk i media og det offentlege rommet elles.

# Gåverekord i Kringkastingsringen

**Førebelse tal for 2009 viser at fjoråret truleg var eitt av dei beste gåveåra på lenge for Kringkastingsringen.**

Kringkastingsringen har givarar både i og utanfor Noreg, og donasjonane ligg på alt frå 100–200 kr til firesifra beløp.

I år kjem vi truleg til å få inn om lag 15 000 meir enn i 2008. Kringkastingsringen takkar alle som har gitt gåver i 2009!



# Dialektbråk etter Stenvold-tilsetjing

**Den 16. desember kunne NRK fortelje at Ingerid Stenvold frå Finn fjordbotn blir fast nyhendeanker i Dagsrevyen, og at ho får unnatak frå kravet om å bruke nynorsk eller bokmål normaltalemål i programmet.**

EIRIK WIXØE SVELA  
eirik@kringkastingsringen.no

Stenvold, som tidlegare har arbeidd i NRK P3, sportsavdelinga, musikkprogrammet «Lydverket» og Sommarope, fekk Kringkastingsprisen i 2007 for framifrå bruk av målsveldialekten sin gjennom heile karrieren i NRK, og er eit populært andlet i fjernsynet.

## Vanvittig?

Stenvold er den første journalisten som får unnatak frå regelen om at journalistar i nyhendesendingane til NRK skal nytte normaltalemål, og reaksjonane på tilsetjinga og dialektavgjerda lét ikkje vente på seg. Den kanskje mest ytterleggående karakteristikken i saka kom frå Finn-Erik Vinje, professor emeritus i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo, som kunne meddele Verdens Gang at det var «helt vanvittig» av NRK å la Stenvold prate dialekt i Dagsrevyen:

«Godkjennelsen av dialektbruk er ikke mindre enn oppsiktsvekkende. Under nyhetsmeldinger i NRK skal man bruke standardisert språk. Det ble nylig uttalt at NRK skulle skjerpe seg og respektere språkreglene. Jeg tror denne avgjørelsen vil skape

stor irritasjon i befolkningen».

Nina Owing og Ingvild Bryn er språkkontakt i dagsrevyredaksjonen for høvesvis bokmål og nynorsk, og var heller ikkje overvettas begeistra for unnataket. Til VG sa Owing at ho helst ser at nyhendeanker held seg til bokmål eller nynorsk, men at «jeg har tiltro til at ledelsen vet hva de gjør i Stenvolds tilfelle». Bryn, som òg sit i styret til Mediemållaget, valde på si side å leggje vekt på det som «alltid har vore NRKs regelverk», nemleg at programleiarane i nyhendesendingar skal bruke normalisert nynorsk eller bokmål. Einar Lunde sa til Aftenposten at han hadde late seg «sjarmere» av den «naturlege og herlege» dialekten til Stenvold, og at det måtte vere opp til NRK-sjefane å fatte slike prinsipielle avgjerder.

## Språkleg semje

Noregs Mållag og Riksmålsforbundet var samde om at ei oppning for bruk av dialekt i nyhendesendingar ikkje var ønskjeleg, men valde å nærme seg saka på ulike vis. Mållaget meiner at det skal vere normert nynorsk eller bokmål i nyhendesendingane og at det er «viktig at språkbrukarane høyrer korrekt nynorsk og bokmål», men leiar Håvard B. Øvregård la til at «Ingrid Stenvold er ein dyktig språkbrukar og har vore eit føredøme i bruken av dialekt».

Nestleiar Tor Guttu i Riksmålsforbundet gav uttrykk for at NRK legg for lita vekt på standard-

språk, og at Stenvold «må rette seg etter reglene som er vedtatt».



Mykje styr: Ingerid Stenvold. (Foto: NRK)

## – Positivt

Martin Toft i Kringkastingsringen var på linje med Noregs Mållag og Riksmålsforbundet i

spørsmålet, og meinte at hovudregelen må vere at nyhendeopp-

merke» for henne, meinte Toft.



lesarar ikkje nyttar dialekt. – Det var likevel rett å gjere eit unnatak for Ingerid Stenvold, som har ein dialekt som er vorten eit «vare-

#### **Uproblematisk?**

Det er ikkje gitt at vedtaket er uproblematisk. I tillegg til dei prinsipielle innvendingane

somme har gitt uttrykk for, kan det òg hende at saka vil få følgjer for målbruken i NRK i framtida.

Sjølv om NRK opererer etter ein hovudregel om at tilsette skal nytte normaltalemål i nyhende-sendingar, er det ikkje urealistisk at unnataket kan gi opphav til fleire av same typen. Det kan føre til nytt ordskifte om reglane for målbruk i NRK:

Kvifor skal eigentleg NRK-journalistar bruke normaltalemål all den tid vi i Noreg opplever ein dialektfridom som er uhøyrd elles i den vestlege verda?

Korleis legitimerer vi bruken av normaltalemål, og korleis kan vi overtyde om at dette er ein styrke? Og er det ei udiskutabel sanning?

Er det til bate eller meins for nynorsk at dialektane slepp til i større grad enn dei har gjort før?

Kringkastingsringen har verdi-full kunnskap og klårt definerte standpunkt i desse spørsmåla, og er klar for ordskiftet når og dersom det kjem.

---

## **Uregistrerte innbetalingar**

Det har kome for ein dag at somme innbetalingar i tidsrommet 16. juni–24. juni ikkje er blitt registrerte.

Kringkastingsringen orsakar for eventuelle urettkomne krav og purringar dette kan ha resultert i.

Medlemsregistret er no oppdatert med dei korrekte tala.

# Ny giv for sørsamisk?


Vi ser på to nye, gledelege utviklingar for det sørsamiske språket.

EIRIK WIXØE SVELA  
eirik@kringkastingsringen.no

I det offentlege ordskiftet er «samisk» ofte synonymt med det største språket i den samiske språkgruppa, nordsamisk. Språket har ifølgje UNESCO om lag 30.000 morsmålsbrukarar i Noreg, og er såleis eit utsett språk. Etter at styresmaktene gjekk bort frå den skammelege fornorskinglinja som låg til grunn for samepolitikken heilt til 1960-åra, gjer då styresmaktene òg sitt for å vareta ansvaret sitt overfor samefolket og leggje til rettes for ei framtid for det nordsamiske språket.

I arbeidet for å tryggje nordsamisk, kan det vere lett å gløyme dei språka det er endå verre stilt med. Sørsamisk er eitt av dei mindre samiske språka, og amerikanske Summer Institute of Linguistics, som kvart år samlar informasjon om språk over heile verda i rapporten *Ethnologue*, meiner at det finst om lag 1200 sørsamar i Noreg og Sverige. Av desse held 600 til i Noreg, og om lag 300 har sørsamisk som førstespråk. Tala på den svenske sida av grensa liknar til forveksling på dei norske. Språket er med andre ord svært sårbart, og står overfor ein reell risiko for å døy ut i løpet av overskodelig framtid dersom utviklinga ikkje snur.

Sørsamisk blir stort sett tala sør for polarsirkelen, og er



Sametinget: løyver kring 80 millionar kroner kvart år til «samiske tiltak». (Foto: Sametinget)


administrasjonsmål i Snåsa i Nord-Trøndelag og Hattfjelldal i Nordland. Sidan språket blir brukt i eit område som strekkjer seg heilt frå Nordland til Hedmark, er det vanskeleg å setje i verk koordinerte tiltak for å styrkje språket. Det er ikkje vanskeleg å vere svartsynt på vegner av sørsamisk. Likevel er ikkje alt like trist. Den siste tida har det skjedd ting som kan vere med på

å gi sørsamisk ny von.

## Sjanghaia same i Snåsa

I slutten av november i fjor kunne det sørsamiske lokalkontoret til NRK Sámi Radio i Snåsa melde at dei hadde tilsett Kjell Appfjell (44) som kanalvert.

Appfjell, som tidlegare har arbeidd med reindrift, vurderte å skaffe seg ein karriere i petroleumsverksemda i Nordsjøen då



Skjermbilete frå Åarjelsaemien-daaroen digibaakoeh.

han for fire år sidan blei oppringd av Sámi Radio og «snakka trill rundt». Sjølv om han ikkje hadde noka tidlegare røynsle frå media, fekk han ei god innføring i faget gjennom eit intensivt kurs i journalistikk som han kombinerte med det første året på Snåsa-kontoret.

I samtale med NRK understrekar språkkonsulent Else Bull Jonassen i Snåsa kommune kor viktig dei to nyhendesendingane i veka er for innsatsen for å redde språket. Av di mange er vande å

høyre språket tala av kvinner – i barnehagen, skulen eller i omsorgsyrke –, seier Bull Jonassen at det er positivt med ei «sørsamisk mannsrøyst» i eteren.

#### Viktig ordbokprosjekt

Den 5. februar lanserte forskarar ved Universitetet i Tromsø den digitale ordboka *Åarjelsaemien-daaroen digibaakoeh*, som er ei sørsamisk–norsk-ordbok med om lag 6000 grunnord.

Det spesielle med denne ordboka er at ho inneheld opplysning

gar om bøyingsformene til orda. Ordformer kan gjerne endre seg dramatisk frå oppslagsordet i ordboka ettersom dei blir bøygd. Med ordboka blir det mykje lettere å finne fram sjølv når ord ikkje liknar stort på oppslagsordet, og det blir òg enklare å skrive sørsamisk med fullstendig grammatisk oversyn lett tilgjengeleg.

Du kan sjølv laste ned og prøve *Åarjelsaemien-daaroen digibaakoeh* på adressa <http://giellatekno.uit.no>.

# «Nye» radiokonsesjonar

**Etter mykje fram og tilbake, kom dei nye radiokanalane endeleg på plass etter nyttår – men kva slag radio har konsesjonsrunden gagna?**

EIRIK WIXØE SVELA  
eirik@kringkastingsringen.no

I slutten av 2007 lyste Medietilsynet ut nye konsesjonar for å drive lokalradio over heile Noreg. Det blei opptakta til ein smertefull prosess som skulle dra ut i nesten to år.

## Gamalt rot av kjemperot

Medietilsynet har ansvaret for å forvalte radiokonsesjonar i Noreg. Ein slik konsesjon varar i sju år før han må lysast ut på nytt, og den nye utlysingsteksten inneheldt mellom anna følgjande om «lokalt innhald»:

«Kravet inneber at konsesjonæren på kvardagar i tida mellom kl. 06.00 og 19.00 skal sende minst 30 minutt redaksjonelt innhald med tilknytning til konsesjonsområdet.»

Problema tok til då Medietilsynet offentleggjorde resultatet av handsaminga si. Mange radioaktørar reagerte på å bli fråtekne konsesjonen sin, og klagar følgjeleg på vedtaket. På spørsmål om ei nærare forklaring på kva Medietilsynet meinte med omgrepet «lokalt innhald», skal det ha gitt ulike selskap ulike opplysingar om korleis dei tolka omgrepet, medan andre selskap ikkje skal ha fått noka forklaring i det heile.

## Departementet kjem på bana

Den 25. november 2008 kunn- gjorde Kulturdepartementet, som hadde ansvaret for den endelege handsaminga av dei klagene Medietilsynet hadde valt ikkje å ta til følgje, at heile 28 konsesjonar av til saman 248 måtte lysast ut på nytt.

Tidlegare kulturminister Trond Giske medgav overfor bransjebladet Kampanje at det var snakk om eit «kjempeproblem», og at det botna i at departementet og Medietilsynet opererte med ulike tolkingar av kva det ville seie å kringkaste «lokalt innhald».

I strid med vanleg framgangsmåte i slike saker, blei ordlyden i den nye utlysinga diktert av Kulturdepartementet.

## Kven vann og kven tapte?

I Oslo-området var det kanalane



Står bak kontroversiell avgjerd: Trond Giske. (Foto: Næringsdepartementet)



Radio: engasjerer.

Radio Metro og Jazzradioen som fekk tilkjent konsesjonen då Medietilsynet handsama saka første gongen. Medan Radio Metro er ein kanal som kan minne om kanalar som P4 og Radio Norge, var Jazzradioen ein meir alternativ kanal som kringkasta jazz og annan rytmisk musikk frå 1997 til utgangen av 2009, godt hjelpt av ein «medlemskontingent».

Etter den andre utlysinga stakk likevel NRJ, som sender popmusikk i alle storbyane, av med den såkalla 24/7-konsesjonen som tillet og pliktar kanalen til å sende heile døgret alle dagar i veka. Dette presterte kanalen, som elles ikkje er kjend for å briljere på nærradiofronten, ved å vise til ein plan som mellom anna inneheldt ti timar «lokalt innhald» i døgret.

Prossessen viser tilsynelatande at det blir stadig lettare for dei store, kommersielle aktørane å feste grepet på radiomarknaden – gjerne på kostnad av nisje- og lokalkanalar som kunne ha bidrege til større mangfald. I arbeidet vårt for betre språk i media, kjem Kringkastingsringen til å følgje desse tendensane for å sjå kva følgjer dei kan få for radiospråket.



# Med eit sosiologisk blikk på kringkastinga

**Kringoms utsende tok bana til Blindern for å finne ut meir om omgrepet allmennkringkasting. Kvifor er det viktig, korleis blir det tolka – og har det noko å seie for oss?**

EIRIK WIXØE SVELA

eirik@kringkastingsringen.no

Håkon Larsen er stipendiat ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi ved Universitetet i Oslo. Han har skrive artikkelen «I demokratiets tjeneste. Offentlig debatt om allmennkringkasting i Norge og Sverige» i *Norsk tidsskrift for samfunnsforskning*, der han hevdar at NRK og SVT oppfattar samfunnsoppdraget sitt annleis.

Han arbeider no med ei doktorgradsavhandling om temaet. Kringoms utsende tok bana til Blindern for å finne ut om forskinga hans på sjølvoppfattinga til NRK kan fortelje oss noko vi kan bruke i arbeidet vårt.

## Tre diskursar

– Håkon Larsen, du har analysert avisordskiftet om allmennkringkastarane SVT og NRK for å avdekkje skilnadene dei imellom. Kva fann du ut, og korleis tolkar du det?

– For det første må det seiast at emnet er blitt grundigare debattert i Sverige. Medan dei norske ordskafta om «allmennkringkasting» – gjerne i samband med slikt som NRK-lisensen eller innhaldet i einskildprogram – kan vere overflatisk og sjeldan råke djupt i kjerna av saka, har svenskane brukt månader på å



Disputerer med diskurs: Håkon Larsen. (Foto: Kringkastingsringen)

krangle om dette. Det viste seg mellom anna då SVT freista skjere ned på debatt- og utanriksendingane for å gi rom til meir drama – det gav opphav til den aksjonen med det mykjeseiande namnet Inga såpor istället för nyheter.

– Kva seier det om svenskane si haldning til SVT?

– Vel, i mitt fag, sosiologien, ville vi ha sagt at det er tre *diskur-*

*sar* – systematiske tilnærmingar til diskusjonen om emnet – i spel her: ein *medborgardiskurs*, ein *pluralistisk* diskurs og ein *konsumentdiskurs*.

I det vi kan kalle medborgardiskursen, skal allmennkringkastaren bidra til å opplyse folket slik at alle kan bidra i det politiske ordskaftet – slik blir kringkastinga eit middel i «demokratiets teneste».



I den pluralistiske diskursen blir det lagt vekt på usemje og mangfald som positive kvalitetar ved samfunnet. Det offentlege rommet skal vere ope for motstridande syn, og i denne tankegangen er ikkje kringkastinga tiltenkt ei rolle som normdannar og folkeopplysar. Snarare skal ho verne om høvet til å fremje ulike syn.

I konsumentdiskursen er frie marknader og ein minimal stat viktige element. Innanfor ein slik tankegang er det «det folk vil ha» som dannar grunnlaget for kva det bør vere i interessa til ein kringkastar å sende, snarare enn ideal om å drive opplysning eller sleppe til alternative røyster i ordskiftet.

Sett innanfor rammene av desse tre diskursane, blir ein aksjon som Inga såpor istället för nyheter eit døme på at dei som meiner kringkastinga skal tene opplysningsføremål går til motåtak på dei som vil gi folk «det dei vil ha».

**I verdsklasse – eller best i Noreg?**

*– Og du meiner altså at vi ikkje finn det same nivået av refleksjon kring desse tema i det norske ordskiftet?*

– Ja. I Noreg kan det verke som om vi i langt større grad finn oss i at NRK blir ein kanal som – i staden for å utfordre og by på ny

kunnskap eller nye vinklingar – prøver gjere alle til lags. Mottoet til kanalane fortel oss mykje i så måte: Medan mottoet til SVT er «Fri television i världsklass», er NRKs motto «Noe for alle. Alltid». SVT tek med andre ord mål av seg til å konkurrere med velrenommerte kringkastarar som til dømes BBC, medan NRK kan sjå ut til å ha slege seg til ro med å vere «best i Noreg».



*– Kan du vere meir konkret?*  
 – NRK har fire kanalar. Vi veit at NRK1, med den såkalla gullrekkja, stadig vekk er å finne på lista over dei mest sedde kanalane i landet. Dette klarar dei ved å lage program som appellerer til «folk flest» – folk får det dei vil ha.  
*– Går NRK-leiinga i marknadsliberal lei?*  
 – Nei. NRK tener ikkje økonomisk på å tilby populære tenester – men i skjeringspunktet mellom ein konsument- og medborgardiskurs er NRK avhengig av å tilby folk det dei vil ha utan å utfordre folk så mykje at dei vel bort kanalane, samstundes som dei kan tilby noko som er kvalitativt annleis frå det kommersielle leverandørar har å by på. NRK må gå

opp ein balansegang mellom to tenkte NRK vi ikkje treng: Ein allmennkringkastar som i det alt vesentlege er som ein kommersiell kanal, og ein allmennkringkastar som sender lærerike, reflekterte, nyanserte og utfordrande stoff – utan tilskodarar og lyttarar.

*– Kan denne tendensen til meir forbrukartenking få følger for nynorsk og dialekt i NRK? Kan det til dømes hende dei vil tone ned krava til nynorsk- og dialektbruk for ikkje å provosere eller støyte bort folk?*

– NRK har klare retningslinjer å rette seg etter på dette området, og med det presset de legg bak krava – he-he – trur

eg ikkje det er her NRK eventuelt vil velje å bli meir straumlinjeforma. Den totale nynorskbruken kan ikkje gå ned.

Eitt døme på kva NRK har gjort for å spesialisere seg og rette seg inn mot særskilde målgrupper, er den gradvise deportasjonen av det meste av «kultur» og «smale program» til NRK2. Kanskje de bør vakte dykk vel for at ikkje nynorsken òg blir med i flyttelasset, og med eitt ikkje er å høyre andre stader enn i NRK2 og P2?

*– Vi får følgje med og sjå. Vi seier takk for intervjuet og ventar i spenning på doktorgraden!*

– Sjølv takk!

# Tusen takk!

448 personar gav til saman 152 250 kroner i gåver til Kringkastingsringen i 2009. Dette er svært gode tall! Vi takkar så mykje for gåvene – utan dei hadde det ikkje vore råd å ha den aktiviteten vi hadde i fjor. Lista er oppdatert til 31. desember 2009.

Aa. Bjørgum Øwre – 550	Askill Voll – 500	Einar Versto – 200
Aasulv Lande – 200	Aslaug Husdal – 450	Einfrid Perstølen – 200
Aksel Hånes – 250	Aslaug Kvilekval Breivik – 100	Eirik Bøyum – 200
Alv og Øylog Vik – 200	Asle Heggheim – 200	Eldbjørg Stegane – 200
Alv Reidar Dale – 700	Astrid Dalslåen – 450	Eldrid Solheim – 200
Amund Schanche – 300	Astrid Ervik – 200	Elen Maria Todal – 200
Anders Askeland – 300	Astrid Fjermedal – 200	Eli Solveig Freim – 200
Anders Hallanger – 200	Atle Hallgeir Faye – 300	Else Fossgard – 450
Andreas Bjørkum – 100	Aud Moen – 500	Emil Johannes Samuelsen – 300
Anker Vassend – 300	Audun Bjørnberg – 250	Endre E. Sandland – 200
Anna H. Dale – 450	Audun Fitje – 250	Erik Simensen – 700
Anna Løken – 300	Audun Laukeland – 450	Erling A. Killingbergtrø – 500
Anna Margrete Tylden – 200	Berge Ragnar Furre – 450	Erling Bogstad – 500
Anne Grete Witzøe Botten – 450	Bergfinn Aabø – 500	Erling L. Eikenes – 450
Anne Lognvik – 200	Birger Risnes – 800	Erling Toft – 450
Anne Marit Gjølstein – 200	Birgit Foss – 250	Erling Vikesland – 300
Anne og Øystein Nordang – 200	Birgit Skjevra Skeie – 250	Eva Birgit Heide – 300
Anstein Lohndal – 500	Bjarne Alvsåker – 450	Familie & Medier – 500
Arne Ekeberg – 200	Bjarne Dæ – 750	Firdaposten – 250
Arne Homb – 500	Bjarne Færrevaag – 450	Fredrik Rongevær – 200
Arne Johannes Lundal – 250	Bjarne, Gudny Nevestveit – 250	Fridtjof Lundekvam – 200
Arne Oddvar Skjelvåg – 200	Bjarte Halkjelsvik – 250	Fridtjov Nuland – 550
Arne og Bjørg Sandøy – 300	Bjarte, Karen A. Sindre – 500	Gabriel Nærland – 200
Arne Ryssdal – 250	Bjug Åkre – 500	Geirmund Johnsen – 200
Arne Stafsnes – 200	Bjørn Egil Nordland – 300	Gerd Sandanger – 250
Arne Sund – 200	Bjørn M. Herdlevær – 200	Gerhard Inge Storebø – 750
Arne Sunnanå – 200	Bjørnar Østgård – 250	Gerhard Vangsnes – 250
Arnkjell Tingstad – 200	Borgny Helle – 200	Gudrun Vik Hareide – 200
Arnlaug Skjæveland – 200	Botolv Helleland – 250	Gudveig Rogne – 200
Arnlot Møster – 200	Brynild Hognestad – 450	Gunnar Eide – 250
Arnold Lyngstad – 200	Brynjulv Aartun – 200	Gunnar Skirbekk – 500
Arnold Mundal – 200	Bård Johannes Kolltveit – 750	Gunnhild A. Oppigard – 200
Arnt og Hulda Løftingsmo – 200	Christian Robak – 250	Gunnvald Grønvik – 1.000
Arthur Karl Hauge – 500	Dag-Erik Eriksmoen – 200	Gunnvor Risa – 200
Arve Sæbø – 200	Dagfinn Alstadsæter – 300	Gunvald Bergan – 200
Arvid Staupe – 200	Dagrun E. Woldstad – 450	Gunvald Skeiseid – 450
Asbjørn Høgden – 200	Daniel Berge – 200	Gunvor Gammelsæter – 750
Asbjørn Nes Hansen – 300	Egil Ingvar Aune – 500	Guri Vesaas – 450
Asbjørn og Lydia Haug – 200	Egil Ytrearne – 200	Gustav Kvendbø – 500
Asbjørn Solberg – 500	Einar K. Time – 100	Haldor Fykse – 200

- Haldor Hagen – 200  
Halgrim Ulsaker – 250  
Hallgrim Berg – 200  
Hallvard Hegna – 200  
Halvard Jansen – 450  
Halvor Aaby – 100  
Halvor og Wenche Øygarden – 300  
Hans Agneberg – 700  
Hans Grunnaleite – 750  
Hans Olav og Liv Tungesvik – 250  
Hans S. Haugse – 200  
Hans Søreng – 150  
Hans Torleiv Haukås – 300  
Harald og Ingegerd Straand – 450  
Harald Steiro – 300  
Harry Solberg – 200  
Helga Hirth – 200  
Helga Ladehaug – 200  
Helge Aursland – 200  
Helge L. Hveding – 600  
Helge og Dagrun Berntsen – 200  
Helge Ove Tveiten – 450  
Helge Raftenvold – 200  
Helge Øverås – 2.200  
Henning Henriksen – 500  
Herbjørn Brennhovd – 200  
Herman Ranæs – 200  
Herolv Olsen – 300  
Hilde Sagland – 200  
Hildegun Dybdal – 250  
Hogne Skeidsvoll – 550  
Hugfrid Raaheim – 200  
Håkon Ørjasæter – 750  
Håvard Bjørkedal Øvregård – 200  
Håvard Hugås – 250  
Håvard Huseby – 500  
Ingebjørg Gravås – 450  
Ingebjørg Hals – 500  
Ingebjørg Helkås og Jon Vaa – 200  
Ingebjørg Jordal – 300  
Ingeborg Aune – 300  
Ingeborg Hamre – 200  
Ingeborg Heitmann – 450  
Ingeborg Skundberg – 450  
Ingebrigt Sødal – 200  
Inger Lise Fiskvik – 250  
Inger Vik – 200  
Ingolv Vevatne – 200  
Ingrid Espelid Hovig – 250  
Ingrid Gjesdal – 300  
Ingrid Lysberg – 450  
Ingrid Russøy – 1.250  
Ingrid Søyland – 450  
Ivar Aasen – 500  
Ivar Johan Fylling – 450  
Jakob Olimstad – 500  
Jakup Skjedsvold – 200  
Jan M. Myklebust – 300  
Jan M. Borlaug Rinde – 300  
Jarle Bortne – 750  
Jenny Nedrestøl – 200  
Johan Anton Schulze – 500  
Johan Myking – 300  
Johan Torgeir Holvik – 200  
Johannes Falnes – 200  
Johannes Havstad – 200  
Johannes Hjørnevig – 500  
Jon A. Ramstad – 300  
Jon Bossum – 450  
Jon Faukstad – 300  
Jon Rømmesmo – 250  
Jon Solberg – 200  
Jon Stangeland – 400  
Jon Tvitekkja – 200  
Jon Eikeland – 200  
Jorun Ingeborg Aarsby – 250  
Jorunn Johnsrud – 200  
Jorunn Marie Kvendbø – 500  
Jorunn Søyland – 450  
Jostein Budal – 500  
Jostein Skjelstad – 200  
Jostein Tjore – 250  
Kari Harsheim – 450  
Kari Raftenvold Grodås – 200  
Kari Solberg – 250  
Karl Ragnar Engstad – 750  
Karoline Råd – 450  
Karstein Aaberge – 750

- Kjell Arne Årseth – 1.000  
Kjell Bø – 200  
Kjell Nyland – 450  
Kjell og Alvhild Venås – 500  
Kjell Vartdal – 200  
Kjellmod Vada – 700  
Kjetil Husdal – 900  
Kjetil O. Brottveit – 200  
Kjetil Vistad – 450  
Klaus Kyte – 200  
Knut Hovslien – 200  
Knut O. Dale – 450  
Knut V. Seim – 550  
Knut Åm – 200  
Knut Ås – 200  
Kolbjørn Løken – 250  
Konrad Bråtveit – 500  
Konrad Juveli – 500  
Kristian A. Endestad – 200  
Kristian Herman Kusslid – 250  
Kristian Staveland – 200  
Kristine Eidhamar – 450  
Kurt Tunheim – 200  
Kåre Eldøy – 250  
Kåre Flokenes – 500  
Kåre Hidle – 750  
Kåre Johannessen – 500  
Kåre Johs. Glette – 500  
Kåre og Ålaug Herdlevær – 500  
Landsbylegane Stord AS – 300  
Lars Bakka – 500  
Lars Gunnar Oma – 200  
Lars Lien – 500  
Lars Meling – 200  
Lars S. Vikør – 200  
Laurits Killingbergtrø – 450  
Laurits Repstad – 450  
Leif A. Flem – 200  
Leif og Marta Tufte – 200  
Leiv Knutsen – 300  
Leiv og Grete Volden – 500  
Lillian Austnes – 1.000  
Linda Eide – 200  
Liv Støverstein – 450  
Magne A. Roth – 200  
Magne Atle Røe – 200  
Magne Ingar Teppen – 500  
Magne Måge – 500  
Magne og Ingebjørg Århus – 500  
Magnhild Fjermedal – 200  
Magnhild Harsheim – 400  
Magnhild Kippersund – 200  
Magnhild og Herfinn Brekke – 450  
Magnus Robberstad – 200  
Mait Veslemøy Åbjør – 450  
Margit Leiknes – 450  
Margrete Sognefest – 200  
Maria Høgetveit Berg – 200  
Marit Berge – 500  
Marta Løkkebø – 200  
Martin Barved – 250  
Martinus og Astrid Løvik – 400  
Mass Flatråker – 300  
May Molund – 1.000  
Mette Sandaaker – 200  
Mia Høydal – 200  
Narve Bjørgo – 450  
Narve Følling Birkeland – 300  
Nelly Storebø – 200  
Nils Aksel og Åslaug Mjøs – 450  
Nils J. Gvammen – 200  
Nils Reisæter – 250  
Nils Strandbu – 200  
Nils Søvik – 300  
Noralf Krogsæter – 200  
Norvald Hestholm – 200  
Odd Eidshaug – 250  
Odd Gjørstad – 200  
Odd Munkeby – 200  
Odd Roger Thorkildsen – 200  
Odd Ståle Eskeland – 300  
Odda Mållag – 450  
Oddhild Brandal – 550  
Oddleiv Hjellum – 250  
Oddmund Farbregd – 450  
Oddmund Kyllesø – 200  
Oddmund Svarteberg – 200  
Oddmund Viken – 500



- Oddmund Ålvik – 200  
Oddny Heimlid – 500  
Oddrun Grønvik – 500  
Oddrun Holsvik – 550  
Oddvar Hoel – 200  
Oddvar Skre – 450  
Oddvar Steinrud – 200  
Oddvard Burheim – 300  
Oddveig Benum Botnen – 200  
Odin Hals – 300  
Ola Dag Østhus – 250  
Ola Martin Haugen – 250  
Ola og Unni Lise Jonsmoen – 500  
Ola Tronsmoen – 200  
Ola Waagbø – 700  
Ola Øverland – 200  
Olaf Almenningen – 200  
Olaf Nøkleby – 500  
Olav Rommetveit – 300  
Olav Bernhard Ekerhovd – 500  
Olav Breiland – 200  
Olav Bøyum – 200  
Olav Digernes – 550  
Olav Fagerbakke – 450  
Olav G. Sandnes – 200  
Olav Hamre – 250  
Olav Haraldseid – 550  
Olav Johs Frøystadvåg – 250  
Olav Johs. Skeie – 500  
Olav K. Morken – 200  
Olav Kuvås – 500  
Olav Langeland – 450  
Olav Mjånes – 200  
Olav Molven – 500  
Olav og Aaslaug Lode – 200  
Olav og Eldbjørg Fagerbakke – 300  
Olav og N. Colemann Veka – 500  
Olav Skeie – 200  
Olav Tho – 450  
Olav Vesaas – 200  
Ole Andreas Hagen – 250  
Ole Bjørn Rongen – 500  
Ole Brevik – 450  
Ole Danbolt Mjøs – 450  
Ole Johan Eikeland – 450  
Olga Meyer – 300  
Olga Støylen Runde – 400  
Ottar Vandvik – 500  
Otto og Arnbjørg Hageberg – 200  
Per Kristian Ulveraker – 200  
Per Skjæveland – 500  
Petra Synnøve Austenå – 200  
Petter Hole – 200  
Petter Risvik – 100  
Pål O. Nomeland – 200  
Pål Skalle – 500  
Radio Følgefonna – 200  
Ragnar Hotvedt – 200  
Ragnhild Bjørge – 200  
Ragnhild Jørstad – 200  
Ragnhild Saur – 200  
Ragnhild Trine Naadland – 200  
Ragnvald Valheim – 500  
Rakel Flå – 200  
Randi Einrem – 500  
Randi og Olav Felland – 200  
Rannveig Tveit Kirkebø – 200  
Reidar Bremerthun – 500  
Reidar Nesheim – 200  
Rolf Hanoa – 300  
Rønnaug Kattem – 300  
Sigbjørn Aalvik – 300  
Sigmund Haug – 500  
Sigmund og Turid Sunnanå – 400  
Signe Kjellaug Krossvoll Løberg – 300  
Sigrid Bø – 250  
Sigrid Lid – 450  
Sigrid Solbjørg Svartefoss – 200  
Sigrid Strånd Goffeng – 250  
Sigrun Heskestad – 200  
Sigrun Lunde – 450  
Sigrun Røssbø – 700  
Sigurd Nordlie – 200  
Sigurd Nygaard – 250  
Sigurd Verdal – 300  
Sigve Gramstad – 250  
Siri Solvik Bertelsen – 200  
Solveig Lunde – 200



Solveig S. Eiken – 300  
Solveig Sudmann – 200  
Steffen Oma – 500  
Stein Sæbø – 500  
Styrkår og Kjellaug Brørs – 500  
Sunniva Skålnes – 250  
Svein Aarnes – 200  
Svein Risa – 300  
Svein Ånestad – 450  
Sven og Karin Kjetland – 200  
Sverre Fjell Hamre – 500  
Sverre Hope – 300  
Sverre og Klara Aga – 450  
Sverre og Liv Flugsrud – 200  
Sverre Åsen – 450  
Synneva Urheim – 550  
Synnøve Flesland – 450  
Syver og Asbjørg Svare – 500  
Terje Dahl – 250  
Terje Kjøde – 200  
Theodor Hovda – 750  
Tone Telnes – 250  
Tonnie og Gunnar Hagelia – 250  
Tor Bergum – 450  
Tor Inge Romøren – 200  
Tor W.w Eikemo – 200  
Torbjørg Rossvoll – 450  
Torbjørn Tranmæl – 300  
Tordis Fosse – 200  
Tore Thingvold – 200  
Torfinn Fuhr – 200  
Torfinn Langelid – 500  
Torger G. og Ella Hetland – 200  
Torgils Vågslid – 200  
Torill Hettervik – 200  
Torkjell Sekse – 200  
Torleiv Robberstad – 550  
Torleiv Rogne – 750  
Tormod Hallstein Høgåsen – 500  
Tormod Nordeng – 500  
Torstein Løning – 450  
Torstein Sausjord – 700  
Tove K Eidhammer – 200

Trygve Kråkevik – 450  
Trygve Nesse – 200  
Trygve Skomedal – 200  
Turid Farbregd – 250  
Turid Kleiva – 300  
Unn Aarrestad – 200  
Vida Rommetveit – 200  
Vidar Ystad – 500  
Wenche Berg – 200  
Wenche Berg-Rusten – 200  
Øystein Austarå – 200  
Øystein Færøvik – 250  
Øystein Høgetveit – 300  
Øystein Tormodsgard – 200  
Øystein Vikesland – 200  
Øyvind Nordsletten – 600  
Øyvind Per Norang – 500  
Åfrid Valheim – 200  
Åse Alstad – 100  
Åsmund Lien – 450  
Åsta Norheim – 200

---

## Vil du stå på denne lista?

Kringkastingsringen mottok ikkje statsstønad. Det betyr at vi er avhengige av gåver frå medlemmene våre for å halde verksemda oppe. Gåva di er med på å tryggje det økonomiske grunnlaget for arbeidet vårt, slik at vi òg i framtida kan arbeide kraftfullt, fokusert og målretta for meir nynorsk, dialekt og samisk i media.

Gåver på meir enn 500 kroner i året gir grunnlag for skattefrådrag på 28 % av summen for alle summar inntil 12.000 kroner. Gir du oss 1.000 kroner, får du følgeleg tilbake 280 kroner i skatteoppgjeret!

Alle medlemmer får tilsendt gåvegiro om våren, hausten og før jul.



**B** ØKONOMI  
ÉCONOMIQUE

Sendar/retur:  
**KRINGKASTINGSRINGEN**  
Postboks 9161 Grønland  
0134 OSLO

# Hugs årsmøtet i Kringkastingsringen!

Torsdag 18. mars kl. 19.00

Litteraturhuset, Wergelandsv. 29, Oslo

Kåseri ved Agnes Ravatn

Vanlege årsmøtesaker

Sakspapir til årsmøtet blir lagde ut på [www.kringkastingsringen.no/arsmote/10](http://www.kringkastingsringen.no/arsmote/10) –  
følg med!